



Vår referanse: 20/01105-1
Arkivkode: 0
Saksbehandler: Frode Lauareid
Deres referanse:
Dato: 01.04.2020

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ KS – KOMMUNSEKTORENS ORGANISASJON PÅ FORSLAG TIL «Midlertidig forskrift om forenklinger og tiltak for barnevernet og fylkesnemnda for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19».

Innleiing

KS viser til brev av 31. mars 2020 med invitasjon til å komma med merknader til forslag til «*Midlertidig forskrift om forenklinger og tiltak for barnevernet og fylkesnemnda for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19*» innan kl. 0900 1. april 2020. Denne forskrifta vil i det vidare bli referert til som 'fylkesnemndforskrifta'.

KS deler vurderinga av at det er behov for å gjera visse endringar i saker som skal behandlast i fylkesnemndene etter barnevernlova, smittevernlova og helse- og omsorgstenestelova. KS støttar likevel ikkje alle forslaga og skal grunngje dette nærare.

Merknader til § 1 – Formål

KS støtter forslag til § 1, slik denne er formulert.

Merknader til § 2 – Fjernmøte og fjernavhør i fylkesnemnda

KS merkjer seg at paragrafen tilsvarar første og andre ledd i «*Midlertidig forskrift om forenklinger og tiltak innenfor justissektoren for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19*» av 27. mars 2020 § 2. Denne forskrifta vil i det vidare bli referert til som 'domstolforskrifta'.

I fylkesnemndsforskrifta er det ikkje avklart om det er ankerett over vedtak om fjernmøte, slik som i domstolforskrifta § 2 tredje ledd. Her er det sagt at vedtak om fjernmøte ikkje kan ankast. Når tilsvarande ikkje står i forskrifta for fylkesnemndene, opnar det for spørsmålet om vedtak om fjernmøte kan bringast inn for retten til rettsleg prøving. Ein gjennomgang av gjeldande rettskjelder gjev ikkje noko klart svar på dette spørsmålet og difor bør dette avklarast i forskrifta. Det må difor enten stå at vedtaket kan bringast inn til rettsleg prøving eller at vedtak ikkje kan prøvast rettsleg. I og med at det ikkje er ankerett over slikt vedtak i domstolane, talar samanhengen i systemet for at vedtaket til fylkesnemnda er endeleg enten det går ut på fjernmøte eller ikkje.

KS tilrår difor at det vert tatt inn eit tredje ledd tilsvarande som i domstolforskrifta om at vedtak i fylkesnemnda om fjernmøte ikkje kan prøvast rettsleg

Merknader til § 3 – Kombinasjon av muntlig og skriftlig behandling i fylkesnemnda

KS kan ikkje tilrå at fylkesnemnda fritt skal kunna bruka dokumenta i saka. Reglane om fjernmøte etter § 2 representerer ei svekking av den tryggleiken som ligg i at partane med sine prosessfullmektigar er i same rom og høyrer dei same bevisa. KS kan ikkje støtta at rettstryggleiken ytterlegare skal bli svekka ved at fylkesnemnda kan avgjera saka ut frå fri bruk av dokumenta i saka. Det er partane som kjenner dokumenta og det er risiko for at fylkesnemnda kan misforstå eit dokument som partane ikkje har uttala seg om. KS meiner difor at fylkesnemnda må halda seg til det partane legg fram gjennom forklaringar og skriftlege innlegg. KS er klar over at fylkesnemnda ikkje er bunden av det partane legg fram, men vanleg praksis er at fylkesnemnda ber om merknader frå partane dersom fylkesnemnda ønskjer å avgjera ei sak med grunnlag i faktiske opplysningar som partane så langt ikkje har uttala seg om. Dette er ikkje uvanleg og kan skje med kort frist for partane til å uttala seg. Dette vil vera med å trygga grunnlaget fylkesnemnda fattar sitt vedtak på.

Går saka til rettsleg overprøving vil domstolane ikkje kunna avgjera saka fritt ut frå dokumenta i saka. Fylkesnemndene bør så langt råd følgja dei same reglane som domstolane.

I høyringsnotatet er sagt at forskrifta ikkje vil gjelda for adopsjonssaker. Det går ikkje fram av forskriftsteksten. KS meiner at det bør vera ei opning for at adopsjonssaker også kan gå etter § 3, i alle fall dersom regelen vert endra slik KS føreslår. Terskelen for å avgjera adopsjonssaker etter § 3 må vera høg, men det bør vera ei opning dersom det ut frå den konkrete saka er forsvarleg. Det fins tilfelle der foreldra samtykker til adopsjon etter barnevernlova. I slike tilfelle bør fylkesnemnda kunna ta stilling til om vilkåra er oppfylt etter reglane i § 3.

Dersom departementet står på sitt om at adopsjonssaker ikkje skal kunna avgjerast etter § 3, meiner KS at dette bør skrivast inn i paragrafen.

Merknader til § 4 – Rådslagning og avstemning ved fjernmøte i fylkesnemnda

KS støtter forslag til § 4, slik denne er formulert.

Merknader til § 5 – Utvidet frist for å sende begjæring til fylkesnemnda

KS har forståing for noko lengre frist i institusjonssakene, men er usikker på om det er same behovet for lengre frist i omsorgssakene.

Saksframlegget som kommunen sender fylkesnemnda kan alltid supplerast med nye bevis i ettertid og ofte vil dette skje fordi dette er saker som er utvikling heilt fram til saka kjem opp til behandling i nemnda. Kommunane bør klara i løpet av seks veker å få eit tilstrekkeleg grunnlag til at sak kan sendast inn. Ein god del er allereie på plass i og med at det er fatta vedtak om akutt plassering. Det er viktig at privat part så tidleg som mogleg vert involvert i saksførebuinga til nemnda og då treng privat part saksframlegget til kommunen.

KS vil difor ikkje ha merknader til om gjeldande frist på seks veker i omsorgssakene vert ståande. KS vil støtta at fristen i institusjonssakene vert utvida frå to til fire veker.

Merknader til § 6 – Hjemmel for Bufetat til å flytte et barn fra en barneverninstitusjon til en annen

KS kan ikkje støtte denne paragrafen. Høyringsnotatet er ikkje presis i framstillinga av kven som har ansvar for institusjonsplassering.

I høyringsnotatet står det på side 21 andre avsnitt at «Bufetat har det avgjørende ordet når det gjelder hvilken institusjonsplass som tilbys». Dette er upresist. Det korrekte er at kommunen tar kontakt med Bufetat når det oppstår behov for institusjonsplass. Kommunen framstiller kva behov som må dekkast. Dersom det er fleire institusjonsplasser som oppfyller krava til fagleg og materiell kvalitet i den aktuelle saka, kan Bufetat velja kva for institusjonsplass kommunen skal få tilbod om. Dersom kommunen er usamd i vurderinga til Bufetat, må Bufetat komma med eit nytt tilbod.

Når saka går til fylkesnemnda må kommunen føra bevis for at institusjonen er fagleg og materielt i stand til å dekkja behovet for behandling i den konkrete saka. Fylkesnemnda avgjer om så er tilfelle. Dersom fylkesnemnda er usamd med kommunen, må kommunen komma tilbake med eit nytt forslag på institusjon. Dette følgjer av barnevernlova § 4-24 siste ledd.

Dersom det viser seg at den institusjonen ikkje held mål fagleg og materielt, må kommunen fremja ny sak om ny plasseringsstad. Fylkesnemnda må då ta stilling til dette på nytt.

Det står meir om dette i rundskriv Q-2007-6.

KS viser til *Stortingsmelding nr 10 for 2016-2017 Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet* kapittel 3 der det blir gjort greie for grunnleggjande prinsipp for arbeid med samfunnstryggleik. Eitt av desse prinsippa er ansvarsprinsippet. Dette går ut på at den som ordinært har ansvaret, også bør ha dette under ei krise.

KS vil difor tilrå at i eit tilfelle der ein institusjon må avslutta eit pågåande tilbod, må Bufetat melda frå til kommunen om dette og komma med forslag til alternativ plassering. Kommunen kan så fremja sak til fylkesnemnda som avgjer spørsmålet om flytting etter å ha høyrte partane. Dette kan skje med grunnlag i skriftleg saksførehaving.

KS er kjent med eit nyleg tilfelle der ein institusjon brann ned. I det tilfellet måtte bebuarane sjølvsgatt flyttast til alternative institusjonsplassar. Kommunen fremja då ny sak til fylkesnemnda med forslag om godkjenning av ny institusjonsplass. Privat part fekk uttala seg og saka gjekk utan forhandlingsmøte. Tilsvarande kan gjerast i smitteverntilfella. KS tillet seg difor å utforma forslag til forskriftstekst:

Når det er nødvendig å flytte et barn som er plassert i institusjon etter barnevernloven til en annen institusjon, skal kommunen varsles om dette. Flytting kan skje umiddelbart, men kommunen må så snart som mulig fremme sak om flytting til fylkesnemnda. Kommunen må oppgi årsaken til flyttingen og også vise at den nye institusjonen er faglig og materielt i stand til å tilby barnet tilfredsstillende hjelp. Fylkesnemnda avgjør om flyttingen kan godkjennes etter å ha hørt private parters syn. Saken avgjøres med grunnlag i skriftlig saksbehandling av fylkesnemndsleder alene.

Forslaget i høyringsnotatet fjernar privat part frå saker om flytting og overlet det heile til ein statleg etat. Sjølv om fylkesmannen skal orienterast, er fylkesmannen ikkje gjeven nokon kompetanse til å gripa inn dersom flyttinga ikkje er til barnets beste. KS meiner dette er å gå for langt i høve til Grunnlova § 104 og

omsynet til barnets beste. Forskrifta vil difor vera i strid med rekkevidda i heimelslova. Framlegget til KS sikrar at ein ikkje kjem i strid med Grunnlova § 104.

KS ser ingen grunn til at fylkesmannen skal involverast i desse sakene. Det er fylkesmannen ikkje til vanleg og KS ser ingen grunn til at fylkesmannen skal involverast no. Rettstryggleiken blir ivaretatt av fylkesnemnda i samarbeid med kommunen og privat part.

Merknader til § 7 – Adgang til å erstatte tilsyns- og oppfølgingsbesøk med andre kommunikasjonsformer

KS støtter forslag til § 7, slik denne er formulert.

Merknader til § 8 – Varighet

KS støtter forslag til § 8, slik denne er formulert.

Merknader til § 9 - Ikrafttredelse

KS støtter forslag til § 9, slik denne er formulert.

Oslo, 1. april 2020



Tor Allstrin
Områdedirektør



Frode Lauareid
Advokat (H)

Mottakere: Barne- og familiedepartementet - BFD

Kopi: Kommunal- og moderniseringsdepartementet - KMD